

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Camilla Hjelmeland	FE-033	22/1044

Saknr	Utval	Type	Dato
029/2022	Teknisk utval	PS	15.11.2022

Delegerte saker

Underliggjande saker:

117/2022 Ferdigattest - Søknad om ferdigattest uthus med anneks - gbnr 6/25

089/2022 Melding om administrativt vedtak - Søknad om dispensasjon for etablering av nettstasjon på GBNR 53/1

VEDTAK :

Masfjorden kommune syner til plan- og bygningslova § 19-2 og gjev dispensasjon frå LNF – formålet i kommuneplanen 2018 - 2030 for oppføring av nettstasjon og framføring av høgspenkablar i ny høgspentrase på GBNR 53/1 i samsvar med søknad motteke 09.08.2022

093/2022 Melding om administrativt vedtak - Søknad om oppføring av driftsbygning i landbruket på GBNR 34/13

VEDTAK:

Masfjorden kommune viser til plan- og bygningslova § 20-4 og godkjenner søknad om oppføring av driftsbygning i landbruket på GBNR 34/13.

Søknad med vedlegg mottatt 05.09.2022 vert godkjent på fylgjande vilkår:

- **Tiltaket skal plasserast som vist på situasjonskart mottatt 05.09.2022.**
- **Det skal gjevast ferdigattest før tiltaket kan takast i bruk.**

Grunngjeving: Søknaden er i samsvar med kommuneplanen 2018 - 2030

Heimel: Kommuneplanen 2018 – 2030 og Plan- og bygningslova § 20-4

105/2022 Melding om administrativt vedtak - Søknad om oppføring av naust på GBNR 32/96 Bjørkeneset

Masfjorden kommune ved rådmannen syner til plan- og bygningslova §§ 20-1, 20-4 og gjev løyve til oppføring av naust med båtopptrekk på GBNR 32/96 Bjørkeneset. Søknad om oppføring av naust med båtopptrekk, motteke 18.07.2022 vert godkjent på følgjande vilkår :

- Naust med båtopptrekk vert plassert i samsvar med situasjonsplan, motteke 18.07.2022
- Søknad om flytebyggje vert fremja i eigen søknad
- Det skal gjevast ferdigattest før tiltaket vert teke i bruk.

087/2022 Melding om delegert vedtak - installasjon av fyrrom - gbnr 32/54

Masfjorden kommune ved rådmannen viser til plan- og bygningslova § 20-1 og godkjenner søknad om bygningstekniske installasjon, fyrrom med fyrkjele og pipe for vedfyring bnr 32/54, Bjørkeneset.

Søknad med vedlegg mottatt 08.08.2022 vert godkjent på følgjande vilkår:

- Det skal gjevast ferdigattest før tiltaket kan takast i bruk.

Grunngjeving: Søknaden er i tråd med byggtknisk forskrift (TEK 17) kappitel 15 med veileder.

Heimel: Plan -og bygningslova

Byggtknisk forskrift (TEK 17) med veileder.

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) /23-7 (KTR) gjev kommunen godkjenning for følgjande ansvarsrettar:

FUNKSJON	FØRETAK	ORG.NR.	L/S *	TILT.KL.	ANSVAR SOMRÅDE
SØK	Helge Andvik	970354824	S	1	Søkjær
PRO	Helge Andvik	970354824	S	1	Installasjon av fyrrom
PRO	Vest VVS as	822810772	S	1	Prosjektering varme – og kuldeinstallasjonar
UTF	Helge Andvik	970354824	S	1	Installasjon av fyrrom
UTF	Vest VVS as	822810772	S	1	Prosjektering varme – og kuldeinstallasjonar
UTF	Murmester Aril Andvik	984273193	S	1	Montering av ildsted og pipe.

*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av SAK kapittel 10.

090/2022 Melding om delegert vedtak - tilkopling til kommunalt vatn - gbnr 3/23

Masfjorden kommune ved rådmannen viser til Masfjorden vassverk, reglement og vilkår for tilknytning og godkjenner søknad om tilkopling til kommunalt vassverk for fritidsbustad gbnr 3/23. Søknad med vedlegg mottatt 20.07.2022 vert godkjent på fylgjande vilkår:

- **Tilknytningsavgift skal vere betalt før tilkopling til kommunalt vassverk.**
- **Dersom det må nyttast reduksjonsventil/trykkauking grunna høgt eller lågt trykk, er det ansvarleg søkjær/rørleggjar å ta kostnaden med dette.**
- **Det skal sendast inn ferdigmelding når tiltaket er avslutta.**

Stendal VVS AS vert godkjent som ansvarleg søkar for tiltaket.

Heimel: Masfjorden vassverk, reglement og vilkår for tilknytning

080/2022 Melding om delegert vedtak - utsleppsløyve gbnr 1/89

Masfjorden kommune ved rådmannen viser til forureiningsforskrifta § 12, og godkjenner søknad om utslepp av svartvatn gbnr 34/5.

Søknad med vedlegg mottatt 12.06.2020 vert godkjent på fylgjande vilkår:

- Tiltaket skal plasserast som vist på kart mottatt 12.06.2020.
- Det skal gjevast ferdigattest før tiltaket kan takast i bruk.

Grunngjeving: Søknaden er i tråd med forureiningsforskrifta § 12.

Heimel: Forureiningsforskrifta § 12.

Lokal forskrift om utslepp av sanitært avløpsvatn frå mindre

avløpsanlegg for Masfjorden kommune

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) /23-7 (KTR) gjev kommunen godkjenning for følgjande ansvarsrettar:

FUNKSJON	FØRETAK	ORG.NR.	L/S *	TILT.KL.	ANSVAR SOMRÅDE
SØK	Samdal Rør as	945889314	s	1	Ansvarleg søkjar

*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

110/2022 Melding om delegert vedtak - Arealoverføring frå gbnr 19/1,2,3,6 og 7 til offentlig veg gbnr 19/31 Molland

Med heimel i plan- og bygningslova § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m, 20-2 og 20-4, bokstav d vert det gjeve løyve til arealoverføring til offentlig vegføremål slik kartvedlegget til søknaden viser. Arealet er om lag 83 m2 og skal overførast frå gbnr 19/1,2,3,6 og 7 til gbnr 19/31.

Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vere i strid med lov om eigedomsregistrering jf. pbl § 21-9.

112/2022 Melding om delegert vedtak - Arealoverføring frå gbnr 19/18 til offentlig veg gbnr 19/31 Molland

Med heimel i plan- og bygningslova § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m, 20-2 og 20-4, bokstav d vert det gjeve løyve til arealoverføring til offentlig vegføremål slik kartvedlegget til søknaden viser. Arealet er om lag 555 m² og skal overførast frå gbnr. 19/18 til gbnr. 19/31.

Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vere i strid med lov om eigedomsregistrering jf. pbl § 21-9.

109/2022 Melding om delegert vedtak - Arealoverføring frå gbnr 19/3 og 19/12 til offentlig veg gbnr 19/31 Molland

Med heimel i plan- og bygningslova § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m, 20-2 og 20-4, bokstav d vert det gjeve løyve til arealoverføring til offentlig vegføremål slik kartvedlegget til søknaden viser. Arealet som skal overførast frå gbnr 19/3 er om lag 450 m² og arealet som skal overførast frå gbnr 19/12 er om lag 555 m². Begge areala skal overførast til gbnr 19/31.

Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vere i strid med lov om eigedomsregistrering jf. pbl § 21-9.

111/2022 Melding om delegert vedtak - Arealoverføring frå gbnr 19/9 til offentlig veg gbnr 19/31 Molland

Med heimel i plan- og bygningslova § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m, 20-2 og 20-4, bokstav d vert det gjeve løyve til arealoverføring til offentlig vegføremål slik kartvedlegget til søknaden viser. Arealet er om lag 125 m² og skal overførast frå gbnr. 19/9 til gbnr. 19/31.

Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vere i strid med lov om eigedomsregistrering jf. pbl § 21-9.

106/2022 Melding om delegert vedtak - Arealoverføring frå gbnr 20/1 til offentlig veggrunn gbnr 20/50 Reknes

Med heimel i plan- og bygningslova § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m, 20-2 og 20-4, bokstav d vert det gjeve

løyve til arealoverføring til offentlig vegføremål slik kartvedlegget til søknaden viser. Arealet er om lag 3130 m² og skal overførast frå gbnr. 20/1 til gbnr. 20/50.

Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering

innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vere i strid med lov om eigedomsregistrering jf. pbl § 21-9.

107/2022 Melding om delegert vedtak - Arealoverføring frå gbnr 20/2 til offentlig veggrunn gbnr 20/50 Reknes

Med heimel i plan- og bygningslova § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m, 20-2 og 20-4, bokstav d vert det gjeve løyve til arealoverføring til offentlig vegføremål slik kartvedlegget til søknaden viser. Arealet er om lag 1608 m² og skal overførast frå gbnr. 20/2 til gbnr. 20/50.

Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om

eigedomsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vere i strid med lov om eigedomsregistrering jf. pbl § 21-9.

091/2022 Melding om delegert vedtak - bruksendring frå heilårsbustad til fritidsbustad - gbnr 14/9 Hosteland

Masfjorden kommune viser til plan- og bygningslova § 20-1 og godkjenner søknad om bruksendring for følgjande bygningar på gbnr 14/9;

- **hus med adresse Træet 12 vert endra frå heilårsbustad til fritidsbustad**
- **hus med adresse Træet 10 vert endra frå heilårsbustad til anneks til fritidshus**

097/2022 Melding om delegert vedtak - Endring av løyve til arealoverføring frå gbnr 34/8 til gbnr 34/36 Hope

Masfjorden kommune viser til plan-og bygningslova § 20-1 bokstav m og godkjenner endring av

søknad om arealoverføring frå gbnr 34/8 til gbnr 34/36 gjeve i administrativt vedtak 018/2021 datert 05.02.2021 i sak 20/1060. Arealet vert auka frå 300 m2 til 652 m2 slik kartvedlegget viser.

Grunngjeving: Arealet er i arealdelen til kommuneplanen avsett til LNF-område der spreidd bustadbygging er tillatt. Tiltaket er i tråd med føremålet i arealdelen tilkommuneplanen og slik eit ønska tiltak for området.

115/2022 Melding om delegert vedtak - løyve til tilkopling til kommunalt vatn - gbnr 30/18

Masfjorden kommune ved rådmannen viser til Masfjorden vassverk, reglement og vilkår for tilknytning og godkjenner søknad om tilkopling til kommunalt vassverk for gbnr. 30/18 på fylgjande vilkår:

Før det vert gjeve ferdigattest/ bruksløyve for tiltaket må fylgjande liggje føre:

1. Tilknytingsavgift skal vera betalt før tilkopling til kommunalt vassverk
2. Dersom det må nyttast reduksjonsventil eller er behov for trykkauke er det tiltakshavar som må ta kostanden me dette.
3. Det er tiltakshavar som er ansvarleg for at anlegget til og i huset frå punkt på kommunal leidning , er dimensjonert for vasstrykket frå den kommunale leidninga.
4. Det skal sendast inn ferdigmelding når tiltaket er avslutta.

Hjelmås VVS vert godkjent som ansvarleg søkjar for tilknytninga.

Heimel: Masfjorden vassverk, reglement og vilkår for tilknytning.

116/2022 Melding om delegert vedtak - løyve til tilkopling til kommunalt vatn - gbnr 30/2

Masfjorden kommune ved rådmannen viser til Masfjorden vassverk, reglement og vilkår for tilknytning og godkjenner søknad om tilkopling til kommunalt vassverk for gbnr. 30/2 på fylgjande

vilkår:

Før det vert gjeve ferdigattest/ bruksløyve for tiltaket må fylgjande liggje føre:

1. Tilknytingsavgift skal vera betalt før tilkopling til kommunalt vassverk
2. Dersom det må nyttast reduksjonsventil eller er behov for trykkauke er det tiltakshavar som må ta kostanden me dette.
3. Det er tiltakshavar som er ansvarleg for at anlegget til og i huset frå punkt på kommunal leidning , er dimensjonert for vasstrykket frå den kommunale leidninga.
4. Det skal sendast inn ferdigmelding når tiltaket er avslutta.

Hjelmås VVS vert godkjent som ansvarleg søkjar for tilknytninga.

Heimel: Masfjorden vassverk, reglement og vilkår for tilknytning.

113/2022 Melding om delegert vedtak - løyve til tiltak i eit trinn - universell gangveg og flytebrygge - gbnr 37/3

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 og 20-3 og med grunnlag i vedtak om dispensasjon, ref. 20/522-21/4860 vert det gjeve løyve til tiltak i eitt-trinn for etablering av universell gangveg og flytebrygge på gnr. 37 bnr. 3 på Grøttneset på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan og illustrasjonar datert 12.02.20 og skisse for oppankring av brygge, datert 25-08-22 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 1 med heimel i SAK § 9-3.
3. Faktisk plassering av heile tiltaket skal vera målt inn og koordinatar sendt kommunen før det kan søkjast om ferdigattest.
4. Det skal gjevast ferdigattest før tiltaket kan takast i bruk.

Grunngjeving: Søknad er i samsvar med godkjent dispensasjon i sak 20/522-21/4860. Det er ikkje kome merknader til vedtaket.

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) /23-7 (KTR) gjev kommunen godkjenning for følgjande ansvarsrettar:

FUNKSJON	FØRETAK	ORG.NR.	L/S *	TILT.KL.	ANSVARsomRÅDE
SØK	Byggmester Bjørn Rune Kvinge AS	954354008	S	1	Ansvarleg søkjar
PRO	Byggmester Bjørn Rune Kvinge AS	954354008	S	1	Konstruksjonssikkerheit og oppankring flytebrygge
PRO	Byggmester Bjørn Rune Kvinge AS	954354008	S	1	Oppmålingsteknisk prosjektering
PRO	Byggmester Bjørn Rune Kvinge AS	954354008	S	1	Veg, uteareal og landskapsutforming
UTF	Frode Haugsvær maskin AS	985442320	S	1	Innmåling og utstikking av tiltak
UTF	Byggmester Bjørn Rune Kvinge AS	954354008	S	1	Utførelse av flytebrygge og oppankring av denne
UTF	Frode Haugsvær maskin AS	985442320	S	1	Veg og grunnarbeid, landskapsutforming

*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av SAK kapittel 10.

118/2022 Melding om delegert vedtak - oppretting av grunneigedom til bustadtomt 1 - 29 og tilkomstveg gbnr. 37/87 m.fl



099/2022 Melding om delegert vedtak - søknad om dispensasjon frå spreietidspunkt

Masfjorden kommune viser til forskrift om husdyrgjødsel og gjev dispensasjon til å spreie **inntil 100 m3 fagjødsel sau til og med 31.10.2022**, på fylgjande vilkår:

Utkøyrd mengde ikkje over 100 m³

Moderate mengder, ikkje over 2 m³ /dekar, dvs min 50 daa spreieareal

Ikkje spreieing nærare enn 5 meter frå vatn, elvar, bekkar og liknande

Ikkje spreieing på open åker

Så langt det er råd, unngå spreieing på vassmetta jord og når det er mykje nedbør, eller utsikt til mykje nedbør

Ikkje spreieing i sterk vind

All gjødsla må spreieast på dei areala som har minst fare for avrenning

- *Masfjorden kommune skal ha attenedemelding innan 07.11.2022 om tidspunkt og utgjøyrd mengde.*

098/2022 Melding om delegert vedtak - søknad om dispensasjon frå spreietidspunkt på naturgjødtsel

Masfjorden kommune viser til forskrift om husdyrgjødsel og gjev dispensasjon til å spreie **inntil 60 m³ gylle til og med 10.10.2022**, på fylgjande vilkår:

Utkøyrd mengde ikkje over 60 m³

Moderate mengder, ikkje over 2 m³ /dekar, dvs min 30 daa spreieareal

Ikkje spreieing nærare enn 5 meter frå vatn, elvar, bekkar og liknande

Ikkje spreieing på open åker

Så langt det er råd, unngå spreieing på vassmetta jord og når det er mykje nedbør, eller utsikt til mykje nedbør

Ikkje spreieing i sterk vind

All gjødsla må spreieast på dei areala som har minst fare for avrenning

- *Masfjorden kommune skal ha attenedemelding innan 17.10.2022 om tidspunkt og utgjøyrd*

menge.

092/2022 Melding om delegert vedtak - Søknad om dispensasjon og løyve til oppføring av 3 naust i rekkje mm på GBNR 32/97,98,99 Bjørkeneset

Masfjorden kommune syner til plan- og bygningslova § 19-2 og gjev dispensasjon frå Reguleringsplan for Bjørkeneset for oppføring av betongkai m/trebryggje og kaikran på GBNR 32/97,98,99. Vidare vert det gjeve dispensasjon frå friluftsfomål for oppføring av rampe for mellom anna om bord- og i landstiging frå båt på GBNR 32/2.

Masfjorden kommune syner til plan- og bygningslova §§ 20-1 og 20-3 og gjev løyve til oppføring av 3 naust i rekkje, betongkai m/trebryggje og kaikran på GBNR 32/97,98,99. Vidare vert det gjeve løyve til oppføring av rampe tilpassa terrenget på GBNR 32/2. Søknad med vedlegg, motteke 21.05.2022 og 28.07.2022, vert godkjent på følgjande vilkår :

- Tiltaket må ikkje igangsetjast før Statsforvaltaren sin klagefristen på dispensasjonsvedtaket er gått ut og det ikkje ligg føre klage på vedtaket.
- Tiltaket skal plasserast som vist på situasjonskart mottatt 21.05.2022.
- Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 1 med heimel i SAK § 9-3.
- Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt til kommunen før det søkast om ferdigattest.
- Det skal vera søkt om og gjeve ferdigattest før tiltaka kan takast i bruk.

Grunngjeving : Rådmannen kan ikkje sjå at omsøkte tiltak vil endre tilhøva for ålmenta si tilgjenge til strandsona eller friluftslivet. Området mot sjø der rampe er tenkt plassert på GBNR 32/2 grensar inntil eit sterkt utbygd område og rampen, som skal kunne nyttast av alle, vil styrka ålmenta sin mulighet for ferdsel og friluftsliv ved sjø. Rådmannen kan ikkje sjå at bygging av betongkai m/trebryggje og kaikran vil vere skjemmande eller i konflikt med andre sine interesser i området . Det har i vurderinga blitt lagt vekt på lokale tilhøve på staden, landskap og friluftsliv. Etter administrasjonen si vurdering er det overvekt av moment som talar for godkjenning av søknad om dispensasjon, i samsvar med plan- og bygningslova § 19-2.

Heimel : Plan- og bygningslova § 19-2 og Reguleringsplan for Bjørkeneset.

095/2022 Melding om delegert vedtak - Søknad om dispensasjon og løyve til oppføring av reiskapsbod på GBNR 16/16

Rådmannen sitt vedtak :

Masfjorden kommune syner til plan- og bygningslova § 19-2 og gjev dispensasjon frå LNF formålet i kommuneplanen for 2018 – 2030 for oppføring av reiskapsbod på GBNR 16/16.

Det vert vidare synt til plan- og bygningslova § 20-1, 20-4 og gjeve løyve til oppføring av reiskapsbod på GBNR 16/16. Søknad med vedlegg, motteke 18.08.2022, vert godkjent på følgjande

vilkår :

- Reiskapsbod vert plassert i samsvar med situasjonsplan motteke 18.08.2022
- Tiltaket vert ikkje teke i bruk før det er gjeve ferdigattest

Grunngjeving : Det er eit lite tiltak som vert oppført på ein bebygd eigedom tett inntil eksisterande fritidsbustad. Tiltaket kjem ikkje i konflikt med LNF - formålet. Søknaden er i samsvar med plan- og bygningslova § 19-2.

Heimel : Plan- og bygningslova §§ 19-2, 20-4

096/2022 Melding om delegert vedtak - Søknad om midlar til Masfjorden og Alver bestandsplanområde for hjort.

Masfjorden kommune løyver 20.000,- til interimstyret i Masfjorden-Alver BPO (Bestandsplanområde) som omsøkt. Utbetalinga vert delutbetalt med **kr10.000,-** og restbeløpet vert utbetalt etter at dokumenterte utgifter ligg føre.

Det vert løyvd frå viltfondet med heimel i viltforskrifta.

085/2022 Melding om delegert vedtak - Søknad om midlertidige brakker på GBNR 52/1

VEDTAK :

Masfjorden kommune ved rådmannen syner til plan- og bygningslova §§ 20-1, 20-4 og gjev løyve til mellombels brakkerigg på GBNR 52/1. Søknad med vedlegg, motteke 15.08.2022 vert godkjent på følgjande vilkår:

- Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan motteke 15.08.2022
- Mellombels brakkerigg kan ikkje førast opp før det er gjeve samtykke til tiltaket frå Arbeidstilsynet.
- Mellombels brakkerigg kan ikkje etablerast før det er gjeve utsleppsløyve.
- Tiltaket kan ikkje takast i bruk før det er gjeve ferdigattest.
- Frist for fjerning av tiltak vert sett til 1.november 2024

104/2022 Melding om delegert vedtak - tilknytning til kommunalt ledningsnett - gbnr 30/66

Masfjorden kommune ved rådmannen viser til Masfjorden vassverk, reglement og vilkår for tilknytning og godkjenner søknad om tilkopling til kommunalt vassverk for annekst i sak 22/545 og

vilkåra her.

Før det vert gjeve ferdigattest / mellombels bruksløyve for tiltaket må fylgjande ligge føre:

1. **Tilknytingsavgift skal være betalt før tilkopling til kommunalt vassverk**
2. **Dersom det må nyttast reduksjonsventil eller er behov for trykkauking , er det tiltakshavar som må ta kostand med dette.**
3. **Det skal sendast inn ferdigmelding når tiltaket er avslutta.**

Byggmester Bjørn Rune Kvinge AS vert godkjent som ansvarleg søkjar for tilknytninga.

Heimel: Masfjorden vassverk, reglement og vilkår for tilknytning

114/2022 Melding om delegert vedtak - tilknytning til kommunalt vatn - gbnr 30/78

Søknad om tilknytning/ installasjon av vassmålar vert godkjent på fylgjande vilkår:

1. Dersom det må gjerast tiltak for trykk-reduksjon eller auke, er det tiltakshavar som må dekkja kostnaden med dette. Vidare må han dekkja kostnad med målar og installasjon
2. Vassmålararen må installerast i tilknytningspunktet og målaropplysningar sendast kommunen saman med ferdigmelding.
3. Installasjon skal utførast av kvalifisert føretak.
4. Det skal sendast inn ferdigmelding når arbeidet er avslutta.

094/2022 Melding om delegert vedtak - utlegging av sjøleidning - GBNR 18/9

VEDTAK:

Masfjorden kommune syner til plan- og bygningslova §§ 20-1 og 20-3 og gjev igangsetjingsløyve for

utlegging av ny sjøleidning på strekningen Mollandsvågen – Duesund.

Søknad med vedlegg, motteke 18.08.2022, vert godkjent på følgande vilkår :

- **Sjøleidning vert plassert i samsvar med situasjonsplan, motteke 18.08.2022**
- **Tiltaket vert ikkje teke i bruk før det er gjeve ferdigattest.**

Grunngjeving : Søknad er i samsvar med rammeløyet gjeve i delegert vedtak 078/2022.

Heimel : Kommuneplanen 2018-2030 og plan- og bygningslova §§ 20-1,20-3

108/2022 Melding om delegert vedtak - utsleppsløype - gbnr 3/4

Masfjorden kommune ved rådmannen viser til forureiningsforskrifta §12 og godkjenner søknad om utslepp frå slamavskillar i næringsbygg på gnr. 3 bnr. 4

Søknad med vedlegg motteke 21.06.22 vert godkjent på fylgjande vilkår:

1. **Tiltaket skal plasserast som vist på situasjonskart/ planteikning vedlagt søknad.**
2. **Leidning i sjø skal liggje minst 10 m under lågaste vasstand.**
3. **Det skal sendast inn koordinatar for tiltaket ved søknad om ferdigattest.**
4. **Tiltakshavar må gi slamskillar nødvendig adkomst for renovatør.**
5. **Det skal gjevast ferdigattest før tiltaket kan takast i bruk.**

Grunngjeving: Søknaden er i trå med forureiningsforskrifta §12, og lokal forskrift om utslepp av sanitært avløpsvatn frå mindre avløpsanlegg for Masfjorden kommune.

Heimel: Forureiningsforskrifta §12

Lokal forskrift om utslepp av sanitært avløpsvatn frå mindre avløpsanlegg for Masfjorden kommune.

102/2022 Melding om delegert vedtak- Søknad om midlar til Masfjorden- Alver BPO
Utbetaling etter dokumentasjon

Masfjorden kommune løyver **kr 20.000,-** til interimstyret i Masfjorden-Alver BPO
(Bestandsplanområde) som omsøkt. Utbetalinga vert utbetalt som ein eigongssum.

088/2022 Spreiing av husdyrgjødsel etter 01.09.2022

Masfjorden kommune gjev dispensasjon m.a. frå kravet om spreiefrist, og utset denne til **20 september 2022** med desse vilkår: Moderate mengder, ikkje over 2 m³ /dekar. Ikkje spreieing nærare enn 5 meter frå vatn, elvar, bekkar og liknande. Så langt det er råd, unngå spreieing på vassmetta jord og når det er mykje nedbør, eller utsikt til mykje nedbør. Ikkje spreieing i sterk vind. All gjødsla må spreiest på dei areala som har minst fare for avrenning. Kommunen skal orienterast om mengde og tidspunkt for all husdyrgjødsel kjørt ut etter 01.09.2022

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Delegerte saker vert tekne til orientering

Saksopplysningar:

Teknisk utval - 029/2022

TU - behandling:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

TU - vedtak:

Delegerte saker vert tekne til orientering